

(13.08.2015)

Eg måtte berre smila

Overskrifta gjeld meg sjølv, på onsdag, etter å ha lese all kritikken som eg og Miljøpartiet Dei Grøne fekk i avisa. For alt var slik eg hadde forestilt meg, kritikken kom frå nett dei eg hadde venta. Det einaste som overraska meg var at leiaren i avisa også konkluderte med krass kritikk, trass i at saka så langt ikkje er utgreidd i det heile, alt er basert på eit tabloid-oppslag som avisa sjølv har laga.

Utanom fagrørsla så var det nokre av dei sitjande politikarane som fekk uttala seg. Dei var sjølv sagt ikkje samde med oss, for dei vart sjølve råka av kritikken vår, då eg kalla dei nikkedokker. Eg ser ingen grunn for å endra den karakteristikken, men eg kan gjerne dokumentera bakgrunnen grundig ein dag, dersom eg får nok spalteplass til disposisjon.

Det er vår røynsle at folk flest meiner at det må takast nokre radikale grep innan omsorgssektoren i Kvinnherad. Dei eksisterande partia lova mykje ved forrige val, og no lovar dei stort sett det same att, utan å ha fått gjort noko med det i mellomtida. Einaste skilnaden ser ut til å vera at dei lova meir gull og grønne skogar sist, denne gongen er det nok MDG som må stå for det grønne innslaget.

Politikarane sine reaksjonar viser også kor sneversynte dei er. Dei reduserer dette til ei sak om Eldrerådet sitt innlegg sist fredag. Endå eg faktisk sa at denne saka berre var dråpen. Og dei bed meg gå tenesteveg med ei oppseiing. Som om eg har sagt noko om oppseiing. Mine ord var at me bed kommunalsjefen om å gå av sjølv.

Tenesteveg kan den gå som er tilsett i kommunen. Ein kommunestyrerepresentant kan også gjera det. Men eg er ingen av delane, eg har ikkje nokon tenesteveg å gå. Sidan me har ytringsfridom og aviser, så er det mitt og vårt alternativ.

Men kanskje skulle ikkje fokus vore sett så sterkt på denne kommunalsjefen, eg orsakar dersom det kjennest som eit personåtak. Kanskje skulle eg heller teke for meg rådmann, ordførar og politikarkorpset elles. Men det førekjem meg at dette har både eg og andre gjort så mange gonger før. Stemmer ikkje det? Er det nokon som har sett noko resultat?

Ei verdig eldreomsorg er lovpålagt. Dersom manglande økonomiske rammer er årsaka til dei mange graverande sakene, då skulle kommunalsjefen gått ut og fortalt tydeleg om konsekvensane.

For ordens skuld må eg skyta inn at leiaren vår, Svein Ingvald Opdal, ikkje har vore med på aksjonen vår, sidan han for tida er bortreist. Men dei tre øvste på lista er med, pluss nokre listekandidatar til. Og me var samde om at eg, som listetopp, skulle fronta saka.

No har iallfall me sagt vårt. Og støtta frå folk flest synest å vera stor, særleg frå dei eldre. Frå måndag av skal me over på andre saker som også er viktige for folk flest.

Så får det vera opp til kvar einskild veljar om dei vil ha det slik som det har vore. Eller om dei heller vil ha ei ny og betre ordning for eldre og andre grupper som treng omsorg.

Arne Gjerde
Førstekandidat
Miljøpartiet Dei Grøne